

DAGNING

ORGAN FOR AKP(m-L)
PÅ
UNIVERSITETET I BERGEN
NR. 2 1973

GÅ MED I

Demonstrasjon

mot KISSINGERS krigspris 10desember!



GOOD HEART GOOD HEART
GOOD HEART
FIRM SAND FIRM SAND

FRIFINN TRÆDAL



DAGNING
er organ for
AKP(m-l) på
Universitetet
i Bergen.
Ansvarlig:
Torstein Dahle.
Adresse:
Postboks 43,
5 0 1 4
Bergen U.

LEDER: FARLIGE FOLK

Ågot Hamre er dømt. Narve Trædal skal for retten den 19. desember (ja, akkurat 5 dager før jul! Gjett hvorfor?).

Hva er det slags forbrytelser de har gjort? De har tjent folket. De har satt ansvaret for folket høyere enn klasselovene i Norge. Og de har satt folkets velferd høyere enn sin egen. De har ikke fryktet forfølgelser og trakasseringer og fengselsstraff for å få fram en riktig politikk. De har vist seg som gode kommunister i handling. Derfor er de farlige for den herskende klassen i Norge. Men av samme grunn blir de møtt med sympati i store folkegrupper, også av folk som er motstandere av kommunistisk teori. Dette er ikke noe paradoks. Det er bare uttrykk for at det er den revolusjonære praksis som omformer samfunnet rent konkret.

Ågot Hamre er et uttrykk for de over tusen ungdommene i Bergen som nå har tatt kampen opp mot kommunens reaksjonære ungdomspolitik. Hun er en av dem som har gått i spissen for å reise denne kampen. Derfor er hun farlig!

Narve Trædal er et uttrykk for den økende NATO-motstanden blant soldatene. Han er uttrykk for at soldatene er i ferd med å velge side for folket, mot det reaksjonære officerskorpset. Han har gått i spissen for å vise hvem som er landsforrædere i Norge - toppsjiktet blant offiserene. Derfor er han farlig!

Men, en advarsel: Sett ikke glorie på dem! Ikke synk hen i passiv beundring! Da tar du brodden av både dem og deg sjøl.

Følg deres eksempel. Bli farlig du også!

Nytt frå Studenttinget:

INGEN PRIS- ELLER LEIGEAUKE I SAMSKIPNADEN

BJØRN VIK FORMANN I STUDENTTINGET

Onsdag 28. november hadde Studenttinget sitt siste møte denne hausten. Dei viktigaste sakene som var framme var val, samansetjing av styret i Samskipnaden og budsjettet.

Bjørn Vik blei valgt til ny formann i Studenttinget. Han har lang erfaring frå politisk arbeid - som medlem i SUF (m-l), Raud Ungdom og AKP (m-l). I haust har han vore landsstyremedlem i NSU.

Studenttinget valgte desse til styret i Samskipnaden: Leif Johan Larsen, Odd Rambøl, Einar Stueland, Torstein Dahle.

Framlegget om ny samansetjing av styret i Samskipnaden blei vedtatt etter ein noko stri debatt. Saka er diskutert på annan plass i avisa. Studenttinget forkasta framlegget om utsetjing av saka mot 6 røyster. Det endelege framlegget om styrets samansetjing blei vedtatt mot 3 røyster (2 blanke røyster). Då var det klart at studentar og tilsette kom til å fremja ei sams innstilling til departementet.

Budsjett-debatten blei i fyrste rekke ein debatt om korleis budsjettet prinsipielt burde setjast saman. Noverande praksis dekker over dei faktiske forholda og gjer såleis all kontroll illusorisk. Under leiing av Torstein Dahle har både Samskipnadens budsjettkomite og andre budsjettkomitear saumfare budsjettet. Det viser seg at korreksjonar for "skjult overskot" reduserer det opphavlege underskotet til eit minimum. Såleis finst det ikkje noko grunn til pris- eller leigeauke i Samskipnaden.

Samtidig blei det klart at me må venta eit hardare økonomisk klima frå 1975.

Av andre saker på møtet nemner me særleg vedtaket om å trygge homofile og bifile sine rettar ved tildeling av Samskipnadens hyblar.



Ågot Hamre



Narve Trædal

BUDSJETTET I SAMSKIPNADEN STUDENTER OG ANSATTE FØRT BAK LYSET?

Vi hilser med glede den utlufting som nå finner sted omkring Samskipnadens budsjetter og regnskaper.

Det viser seg at det har vært praktisert en regnskaps- og budsjett-teknikk som går ut på å bygge skjulte reserver inn i endel av budsjett-tallene. Endel korri-geringsarbeid har vært gjort den siste tiden, og det har gitt følgende resultat:

Det budsjettet som ble vedtatt 11. des. 1972, og som viste et overskudd på 130.000 kr., hadde egentlig et overskudd på ca. 860.000 kr.!

Budsjettforslaget for 1974, som viser et underskudd på 821.000 kr., innebærer egentlig et underskudd på ca. 210.000 kr.!

Dette er alvorlige og tankevekkende tall. 1973-budsjettet førte til kraftig stigning i husleier og kantinepriser. Det hersket en krisestemning i Samskipnaden. Så viser det seg altså at budsjettet rommet en skjult reserve på 730.000 kr.!

En ting er at man holdt studentene og de ansatte for narr, ved å stikke tall under teppet. Derved klarte man å få presset fram beslutninger som gikk ut over studentene.

En annen ting er at beslutningene faktisk har svekket Samskipnaden. **Prisstigningen** på kantineprisene resulterte i en dramatisk svikt i omsetningsvolumet. På NHH ligger volumet den dag i dag 15-20% **lavere** enn for ett år siden. På Studentsenteret er det snakk om ca. 10% svikt. At dette svekker grunnlaget under de ansattes arbeidsplasser, er åpenbart.

De beslutninger som ble tatt på sviktende grunnlag, har ikke bare vært feilaktige og skadelige politiske beslutninger. De må også karakteriseres som dårlig bedrifts-økonomi!

Alvoret bevises også ved tallene fra 1974-budsjettet. Fra administrasjonens side ble det antydnet at budsjettet kunne balanse- reses ved husleieøkning på kr.30.- pr. enkelthvel og en kantineprisøkning på 12%.

Hadde ikke studentrepresentantene jobbet med å korrigere budsjettet, var det slike forslag vi hadde måttet diskutere i dag. I stedet viser det seg altså at det fram- læpte budsjett egentlig ikke nødvendig- viør prisstigninger i det hele tatt, fordi det egentlig er 610.000 kr. bedre enn det ser ut til å være!

Og apropos dårlig bedriftsøkonomi, er det noen som vil tippe hvordan det hadde gått med omsetningen på kantineprisene hvis det hadde kommet ytterligere 12% prisstigning?

Man behøver ikke være spion for å se at en slik politikk egentlig undergraver Sam- skipnadens økonomi, og at den egentlig innebærer hasardspill med de ansattes arbeidsplasser. I den nåværende situasjo- nen vil "de skjulte reservers politikk" rett og slett føre til at Samskipnaden priser seg rett ut av markedet - for å bruke en bedriftsøkonomisk språkbruk som administrasjonen burde forstå.

På Studenttingsmøtet 28. november opplevde vi at adm.dir. Heidal prøvde å skyve kri- tikken over på Styret i Samskipnaden.

For det første tror vi ikke at styret har hatt den fulle forståelse av hva som har foregått. Det er i hvert fall utvilsomt at studentrepresentantene har trodd at de fram- læpte budsjetter og regnskaper ga et noenlunde riktig bilde av de faktiske for- hold. Det er også kommet fram andre eksempler på at adm.dir. har fremmet saker som egentlig knytter seg til en vurdering av hele Samskipnadens framtid, men som er presentert som en "bokføringsmessig deta- l". Det er helt uakseptabelt at regnskaps- teknikk brukes til å skjule realitetene for Styret.

For det andre - og egentlig atskillig viktigere: Det avgjørende for studentene og de ansatte er ikke om det er Heidal eller Styret som har skylden. Det av- gjørende er at dette har funnet sted, og at studentene og de ansatte derved er holdt for narr.

Det er klart for alle at Samskipnaden var en problematisk framtid i møte. Forutset- ningen for å få kraft nok til å kjempe mot problemene, er at studentene og de ansatte står sammen - ikke splittet. Både fra studentenes og de ansattes side arbeides det nå aktivt for å utvikle et slikt sam- arbeid og samhold. Både studenter og ansatte har vist en positiv vilje til imøtekommenhet.

Målet framover må være at vi sammen skal kjempe for å sikre de ansattes arbeids- plasser og studentenes levevilkår. Skal vi klare dette, må vi i hvert fall kon- sentrere kreftene om de reelle problemene, og ikke være nødt til å kjempe med fiske problemer som andre skaper for oss.

Studenter og ansatte får nå flertall sammen!

På styremøtet fredag 30. november gjekk Samskipnaden inn for ei ny samansetjing av styret:

I staden for den gamle ordninga (reint studentfleirtal) skal studentar og tilsette no ha fleirtal saman ("balansert samansetjing"). Det endelege framlegget blir 4 studentar, 3 tilsette og 2 frå Universitet/Høgskule. Styret vedtok framlegget med 6 røyster mot 2 (Statens og Høgskulens representantar). Mindretalet fremjer eiga innstilling (med 1 representant frå Departementet).

Saka er ferdig handsama i Personalforeninga ved Samskipnaden og i Studenttinget. Dette står saman bak fleirtalsinnstillinga.

KUNNE SAKA UTSETJAST?

Nokre folk har kravd ytterlegare utsetjing av saka, sjå t.d. løpesetel frå Universitetet SF. Dei hevder at det ikkje har vore forsvarleg handsaming. Me må då gjera merksam på:

1. Saka har no vore framme i lang tid, i om lag eit år. Framlegget om "balansert samansetjing" blei lansert av dei tilsette i vår og presentert i Studvest tidleg i haust. Me kan kritisera at saka ikkje har vore diskutert grundigare, men alle har hatt rikeleg høve til å ta standpunkt til forslaga.
2. Handsaminga kunne vore betre, men har vore forsvarleg. 6. november var det eit ope møte for studentar og tilsette om saka. Møtet var gjort svært godt kjend på førehand. Det blei ikkje reist innvendingar då. Dessutan har både studentar og tilsette hatt eigne møte på saka. Dei tilsette har diskutert saka svært grundig. Studentane har diskutert saka på allmannamøte på HF/SV og NHH. Dessverre kom desse allmannamøta noko ulagleg for mange - midt i november månad.
3. Lov om bedriftsdemokrati gjeld frå 1. januar. Ytterlegare utsetjing betyr utsetjing av heile prinsippet om styrerepresentasjon for dei tilsette. Då lanserer Universitetet SF ei tvilsam "løysing": Førebels vedtar me innstillinga om studentfleirtal, for seinare etter betre diskusjonar kunne slutta oss til andre framlegg. Dei undervurderer Departementet som skal leggja fram kongeleg resolusjon på saka. Trur dei departementet produserer kongelege resolusjonar på løypande band etter som det passar studentane? Dessutan: Skal me gi departementet mest mulig spelerom i saka, fordi me ikkje kan somle oss til å bli samde?

Personalforeninga ved Samskipnaden skriv: "Styret i Personalforeningen vil .. overfor Studenttingets medlemmer presisere at en utsettelse av saken ikke vil bli akseptert." (understreka av Personalforeninga).

Ytterlegare utsetjing frå studentanes side måtte oppfattast som ein kald skulder.

"BALANSERT SAMANSETJING" - EIT RIMELEG KRAV

I alle viktige saker møter studentrepresentantane i styret med bunde mandat - og slik bør det vera. Reint studentfleirtal i styret betyr då at avgjerdene blir tatt - ikkje i samskipnadens styre, men i Studenttinget. Då blir styrerepresentasjon frå dei tilsette temmeleg illusorisk.

Samskipnaden sin reelle makt er allerede kraftig begrensa av forhold me ikkje rår over. Men skal det vera studentanes politikk å begrensa virkeområde til dei tilsette mest mulig? Burde det ikkje vera ei sjølsagt sak for studentar å stø alle krav om styringsrett for arbeidsfolk?

LÆRDOMAR FRÅ HUSLEIE-KAMPEN

I husleie-kampen blei konflikten mellom studentar og tilsette det avgjerande hinderet for vidare framgong. Studentane oppnådde noko i denne kampen: Gjelda blei ettergitt, dei fekk garantiar mot ny husleie-auke frå nyttår. Men dei måtte nøye seg med det - fortsatt streik hadde betydd konflikt med gal fiende: Dei tilsette. Det hadde vore ein ønskesituasjon for Departementet og alle andre som vil isolera studentane.

Det er naudsynt med ennet mellom studentar og tilsette om me skal oppnå noko som helst frå staten si side.

FYRSTE STEG MOT ENHET

Nokre studentar seier at styresamansetjing i seg sjøl ikkje skapar reell enhet mellom studentar og tilsette. Det er riktig. Men like riktig er det at ingen enhet i det heile kan skapast om det ikkje rår ei gunstig innstilling. Tidlegare kampar har fjerna studentar og tilsette frå kvarandre. Ei utsetjing av denne saka ville i seg sjøl utdypa kløften. Men no fekk studentane høve til å vise dei meinte noko når dei sa studentar og tilsette hadde sams interesser.

Dei tilsette oppfatta saka som eit tilbod om enhet. Dette tilbodet må førast vidare med stadig meir reell enhet i sak. Berre slik kjem me vekk frå den situasjonen me hadde, med tilsette og studentar i kvar sin skyttargrop.

Isen mellom studentar og tilsette er broten. No må me gå vidare mot reell enhet!

Sf sin taktiske hovedfiende?

Ja, slik må vi spørre etter å ha lest Knut Skybergs foredrag i DNS om "ml-ernes vakling". Dette er nå spredd i masseomfang på universitetene.

Før vi går i gang med å svare på de verste sakene er det to ting vi må gjøre klart.

1. Vi akter ikke å kommentere alle Skybergs beskyldninger og forvrengninger. Da hadde denne artikkelen fylt hele avisen. Hvis det viser seg ønskelig skal vi komme tilbake med et fyldigere svar.
2. Enheten på venstresiden tjener på en kameratslig debatt. Skyberg legger ikke opp til det. Vi er nødt til å svare på det groveste. Vi ønsker å understreke at vi har hatt et meget godt samarbeide med endel SFere og SVere i saker her på Universitetet. Vi tror noen i SF er mindre glade for dette samarbeidet. De så helst at ml-bevegelsen ble frosset ut over sidelinjen. Det virker som Skyberg er en av dem. Derfor er en kraftig avvisning av Skybergs verste løgner en forutsetning for større enhet på venstresiden. Polemikken i dette innlegget retter seg mot en del av SF.

Skybergs metode er å presentere endel påstander som fakta, uten å begrunne dem, og så bruker han dem som byggeklosser og bygger hele konklusjonen på dem.

Hans første påstand er at ml-bevegelsen i all hovedsak er en studentbevegelse. Dette begrunnes med Arne Overreins påstand om det samme. Overreins feile påstander blir ikke riktigere fordi om de gjentas fra SF-hold. Arbeidere og funksjonærer utgjør i dag den største gruppen i AKP (m-l). Dette er ikke nok. De må utgjøre flertallet i bevegelsen, og bevegelsen må rettes inn mot dette. Som et første ledd for å sikre at hele bevegelsens politikk rettes inn mot arbeiderklassen, har vi sørget for at et flertall i alle ledende organer, eks. sentralkomiteen og fylkesstyret i Bergen/Hordaland er fagorganiserte. Vi har en langtfra perfekt sosial sammensetning, men vi har en politikk for å rette på det. Kan SF si det samme?

Skybergs annen påstand er at vi ikke har en marxistisk analyse av det norske samfunnet og en strategi for revolusjonen. Ikke ett argument til dekning for dette. Du får i det minste analysere programmet vårt og prøve å vise at det er umarxistisk. Men du kvir deg kanskje for den oppgaven.

Skybergs tredje påstand er at "ml-erne har utviklet en byråkratisk sentralisme som hindrer kritikk i å oppstå eller vinne fram". Og så uten fnugg av belegg. Det eneste Skyberg kan drive det til er å komme fram til at Sentralkomiteen kan ekskludere folk, ja de kan til og med ekskludere hele lag. Og det er riktig, den kan det. Men Skyberg og likesinnede har ennå tilgode å vise at dette har skjedd for å kvele en opposisjon eller for å hindre kritikk

i å komme fram. Og det skal bli vanskelig, for slike eksempler finnes ikke. Hvis Skyberg undersøkte forholdene omkring de to splittelsene i ml-bevegelsen, vil han finne et ganske annet trekk: At opposisjonen har vært utrolig lite villig til å komme fram med hva de egentlig mener.

SK i MLG måtte arbeide adskillig før Hovden-gruppen gikk med på å lage en diskusjonsbulletin som skulle spres til alle medlemmer i ml-bevegelsen. Representanter for opposisjonen ble sendt land og strand rundt for å legge sakene personlig fram for medlemmene i hele landet - på MLGs regning.

Han vil også finne at f. eks. Arne Overrein i over et halvt år ble oppfordret til å sende innlegg til Tjen Folket, MLGs diskusjonsblad. Overrein unnlot å gjøre dette. Etterpå spredte han påstander om undertrykkelse av meninger i ml-bevegelsen. Nei, du får føre andre vitners dersom du vil vinne fram med saken din, Skyberg!

En annen metode er å presentere sine egne ønskedrømmer som virkelighet. Han er spent på "utfallet av den maktkampen som nå pågår i AKP. Noen går inn for sammenslutning med SV, noen vil vente og se, andre leser KAGs og KULs stensiler og vil legge seg til venstre. Mye avhenger av om kampen for å kaste den "høyreorienterte" Sigurd Allern lykkes eller ikke" - han konkluderer med at AKP (m-l) nå "går mot splittelse".

En sak er at Skyberg kunne gjøre det bra i science-fiction-bransjen, men en annen sak er det når en politisk organisasjon koster penger på slikt og gir det ut gratis som politisk analyse. Da ligger det noe bak.

Nå er det så at "maktkampen" i AKP (m-l) bare finner sted i Skybergs eget hode. Eller hvem er det som vil kaste Sigurd Allern? Enten får Skyberg komme fram med bevisene, eller så får han søke om diktergasje. For dette er rent dikt, og blir ikke sannere om det gjentas flere ganger i artikkelen.

HVEM ER DET SOM VAKLER?

Skyberg synes å mene det er bedre å være konsekvent reformist enn vaklende revolusjonær. La oss kort sammenlikne SF og AKP (m-l).

Vi ser på vår egen bevegelse som det eneste revolusjonære partiet her i landet. Vi har fremdeles endel synder å svare for, men vi mener vi har hatt og har en riktig hovedlinje, og er interessert i å rette på de feilene vi gjør. SF er et parti som i hele sin historie har stått for en reformistisk, parlamentarisk vei til sosialismen. Vi finner det litt merkelig at de skal kritisere oss for ikke å være konsekvent revolusjonære.

Etter SUFs landsmøte i 1967 skrev Orientering (nr. 38):

→fortsetter side 10←

KAG OG

Moms-aksjonen i Bergen er førebels avslutta. Aksjonen befesta samarbeidet mellom AKP (m-l) og SV på Universitetet. Samtidig bekrefte ein annan organisasjon - KAG - at dei set seg utanfor den politiske kampen. Nok ein gong.

I diskusjonen om trotskismen i Studentersamfunnet blei KAG kritisert for haldninga si i moms-aksjonen. Det blei slått fast:

1. KAG-medlem motarbeidde aksjonen på allmannamøte på Filosofisk.
2. Ingen KAG-medlem har deltatt i aksjonen, korkje på Filosofisk institutt eller andre stadar.
3. Ytterst få KAG-medlem gjekk i demonstrasjonen.

Kritikken blei ikkje tilbakevist.

Etter møtet slår KAG opp veggavis på Studententeret. Kva skriv dei? Gjer dei sjølkritikk? Eller kan dei visa til at kritikarane tok feil, at KAG faktisk tok aktiv del i moms-aksjonen?

Nei. I staden skrik dei høgt om andre for å bortforklara og dekkja over eigne mistak. Dei gjer stort nummer av


1. KAG blei ikkje invitert til grunnleggjingsmøtet for moms-aksjonen på Universitetet.
2. KAG fekk angiveleg misvisande orientering på allmannamøtet på Filosofisk.

Då må me jo forstå at dei ikkje kunne delta: Dei er faktisk blitt manipulert av AKP (m-l)!

MÅ KOMMUNISTAR INVITERAS TIL KAMP?

Me er samde om at det var feil ikkje å invitera KAG til grunnleggjingsmøtet. På den andre sida var det ingen som hindra KAG å delta når dei kontakta aksjonskomiteen.

Men meiner KAG at kommunistar bare skal delta i aksjonar om dei blir invitert?



ALLMANNAMØTET PÅ FILOSOFISK

For det fyrste: Marxist-leninisten som orienterte på allmannamøtet, kom ikkje frå aksjonskomiteen. Han representerte ikkje andre enn Studentutvalet på HF. Han kunne ikkje orientera om motsetningar i aksjonskomiteen. Dessutan kom desse motsetningane opp på eit seinare tidspunkt, etter det me veit.

For det andre: Marxist-leninisten presiserte at einaste grunnlaget for å slutta seg til aksjonen var - "Bort med all moms på all mat". Det var dette KAG-folka på møtet synst var problematisk!

Argumentasjonen deira var:

- moms-aksjonen gir inga teoretisk forklaring på stat og skattar (og bukostanadar!)
- dermed er "premissene ikke klargjort"
- og "vi er lei av perspektivløse kamper".

Møteleiaren prøvde fleire gonger få vedtatt tilslutning til aksjonen. KAG-folka sin argumentasjon hindra dette. KAG-folka hadde dessutan ikkje eitt argument for å stø aksjonen.

KVA ER TROTSKISTISK MED DETTE?

Det står fast at KAG har vanskar med ganske enkelt å stø ein kamp for rettferdige krav som "Bort med all moms på all mat". Teoretiske problem blir overordna den faktiske kampen som pågår rett utafor stuevinduet. Me får høyra argument som at dei er lei av "perspektivlause kampar".

Då må me iallfall som eit minimum venta at KAG sjøl produserer dei perspektiva dei treng, og på det viset gjer det mulig for dei å delta i kampen. Heller ikkje det gjer dei.

Det er tid for å minna om Hans Ebbing (KAG) sine "gullord" om kommunistane si deltaking i interessekampen. Han hevda at om kommunistane ikkje makta tilføra dagskrava eit sosialistisk perspektiv, så hadde dei ikkje noko der å gjera!

Me veit at KAG-folk syns moms-aksjonen var for lite grunngeve teoretisk. Var det derfor dei ikkje deltok: Dei hadde ikkje noko der å gjera, for dei hadde ikkje noko teori å tilføra!

TIL NÅ HAR FILOSOFENE BARE FOR KLART MOMSEN PÅ FORSKJELLIGE MÅTER. DET DET KOMMER AN PÅ ER Å FÅ DEN VEKK!

MOMSAKSJONEN.

Bjørn Vik sitt innlegg på Studenter samfunnet

sitt møte om trotskisme:

Eg trur me bør ha klart for oss etter dette møtet at trotskisme og marxisme-leninisme ikkje berre er spørsmål om to forskjellige måtar å oppsummera historia på. Det er også eit spørsmål om to forskjellige linjer for kva som er oppgåvene for kommunistar og andre progressive i dag.

KAG seier at vi er ute etter å "stempla dei som trotskistar". Eg vil seia det sånn: Hovudkriteriet for om organisasjonar som KAG er trotskistiske eller ikkje, det er ikkje korvidt dei kallar seg trotskistar eller om dei står som medlemmer av ein trotskistisk organisasjon. Det er eit spørsmål om korvidt dei i praksis og i handling er i stand til å bryta med den tradisjonen som trotskismen står for i historia.

Eg skal ta opp ei sak, eitt prinsipp. Nemleg kommunistane si haldning til kampen for dagskrava. Og eg skal ta opp moms-aksjonen, som er litt meir mangfaldig enn det vart gjeve ut trykk for tidlegare i kveld. Eg skal kort rekapitulera korleis eg har oppfatta KAG si linje på dette spørsmålet.

For det fyrste: På eit allmannamøte på Filosofisk institutt for om lag 3 veker sidan fanst det KAG-medlemmer som gjekk mot at aksjonen skulle få støtte. Grunngevinga var at perspektiva ikkje var klare nok, analysen ikkje bra nok, og det vart lagt særskild vekt på at denne aksjonen ikkje sto på eit revolusjonært grunnlag. So mykje om det allmannamøtet.

Neste fase. KAGs linje på allmannamøtet skapte forvirring blant KAG-medlemmer rundt omkring, heilt tydeleg, og plutsleg kjem det opp ei veggavis på Studentsenteret om at KAG trass i alt, trass i fleire innvendingar, stør aksjonen. Representantar frå KAG dukkar plutsleg opp på kontaktmøta til moms-komiteen. Utan nokon sjølkritikk, utan noka forklaring på korfor dei har lagt om linja, det berre skifter plutsleg og tilfeldig.

Men kva har sidan skjedd? Slik eg har oppfatta det - det kan då KAG-medlemmene eventuelt motbevisa: På eit nytt allmannamøte på Filosofisk institutt går framleis KAG-medlemmer mot at aksjonen skal få støtte, nett på same måte som sist!

Og vi kan sjå på praksisen deira elles. Deltar f. eks. KAG-medlemmer i nokon aksjonskomite på Filosofisk institutt eller andre stader? Så vidt eg har sett gjer dei ikkje det. Har dei vore med på stands-aktiviteten i byen? Ikkje det eg har sett. Mobiliserte dei sine medlemmer og sympatisørar til den demonstrasjonen som var her no på tysdag? Eg såg ytterst få KAG-folk i den demonstrasjonen.

Eg trur dette bør læra oss eit par saker. For det fyrste: Dei tar skammeleg feil som trur at KAG sitt prinsipp om "enhet i aksjon" er noko prinsipp som dei praktiserer sjøl. KAG står ikkje på "enhet i aksjon", og har ikkje stått på "enhet i aksjon" i moms-saka.

For det andre bør det seia oss litt om KAG si innstilling til kampen for folket sine dagskrav - og det er her eg meiner dei har høve til å avgrensa seg frå trotskismen.

Om vi spør KAG om dei meiner at kommunistar reint allment bør delta og spela ei leiande rolle i kampen for folket sine dagskrav, så er dei sikkert samde i det. Men kva gjer dei når det kjem til stykket, når det kjem til dei konkrete sakene slik som denne moms-aksjonen?

Jau, i praksis stiller KAG seg i beste fall passivt nøytralt, og i verste fall går dei mot aksjonen. Dei er for kampen for folket sine dagskrav i prinsippet, dei er mot kampen for folket sine dagskrav i praksis. For dagskampen i himmelen og mot dagskampen på jorda. Det er sånn eg har oppfatta KAG si linje i dette spørsmålet.

Og dessverre for KAG så gjeld ikkje dette berre moms-aksjonen. Sidan KAG såg dagens lys i februar har ikkje KAG delteke i ein einaste aksjon for folket sine dagskrav. Det håpar eg å få dokumentert dersom eg tar feil. Det seier også seg sjøl når Spurkeland kan koma opp slik han gjorde for litt sidan og seia at "vi har ikkje tatt stilling til dette spørsmålet, til moms'en".

Eg må spørja:

Korleis er det mulig at ein organisasjon som kallar seg kommunistisk kan gjera dette til eit så stort spørsmål at dei ikkje kan ta stilling til det? Skulle ikkje ein sånn aksjon vera ei sjølsagt sak for alle kommunistar å stø opp om? Korfor er det ikkje ei sjølsagt sak for KAG? Det må vi ha svar på.

Det finst to veger å gå for KAG no etter dette. Enten får dei ta dei teoretiske konsekvensane av praksisen sin og ope stille seg på trotskismens standpunkt: mot kampen for folket sine dagskrav. Det er den eine vegen å gå, i retning mot trotskismen.

Den andre vegen er å gå til open sjølkritikk og forklara kva som gjorde at dei kunne vakla på eit sånt spørsmål, og i framtida stø aktivt opp om moms-aksjonen. Det er ein veg vekk frå trotskismen, det er på ein slik måte KAG kan unngå å verta stempla som trotskistar i framtida. KAG har no høve til å stempla seg sjøl, til sjøl å avgrensa seg i forhold til trotskismen. Det synst eg dei bør gjera. Vil dei stø moms-aksjonen, korleis kan dei då forklara den haldninga dei har hatt til denne aksjonen. Det må vi få svar på.

Endel Spørre mener det er feil av oss å propogandere for nødvendigheten av en væpnet revolusjon i Norge. De sier at Norge har så særegne tradisjoner at vi har lite å lære av erfaringer fra andre land på dette området. En av disse særegenhetene skal være at vi har en ikke-militaristisk tradisjon. Som begrunnelse for dette nevner de at det er bare en person i Norge som er blitt drept i en arbeidskonflikt. Vi mener dette er en helt feil måte å se dette problemet.

For det første er et slikt syn preget av den borgerlige historiefortolkningen som går ut på at Norge har hatt en fredelig historie, uten nevneverdige klassekamper. Den progressive bevegelsen i Norge har til nå ikke hatt gode nok kunnskaper i norsk historie til å gjennomskue dette

"Der faldt fredens tegn!"

Fra våre "ikke-militaristiske" tradisjoner.

Fra 15de til og med 17de august 1868 fandt der sted en del optøier i Bergen, hvilke har faaet navn af *Potetkrugen*. Arbejderklassen var misfornøiet med den maade, hvorpaa salget af poteter blev drevet gennem opkjøbere, der udenfor bygrænsen eller ude i fjorden kjøbte hele foringen for en rund sum og derved kunde bestemme sine priser.

En af de misfornøiede spændte til en opkjøbers kandemaal, saa indholdet for til alle kanter. Da urostifteren skulde arresteres blev der opløb med skrig og trusler. Fulgt af en hujende skare fortes arrestanten til Raadstuen, hvor der gjordes voldsomme forsøg paa at befri ham.

Politifuldmægtigen, som ilede til, blev kastet omkuld. Der kom mere politi til, og flere blev arresteret.

Politimester *Magelsen* lod kalde en mindre militærstyrke til Torvet og lod thinghuset omgive af militær. Da mængden blev mere støende, blev hele Raadhuspladsen ryddiggjort. Endel flere urostiftere blev arresteret.

Næste dag den 16de august var en søndag; der var da adskillig sammenstimlen, men intet opløb. Politimesteren fik 80 mand af garnisonen; den ene halvdel blev posteret i Raadhuset, den anden i underofficerernes gaard.

Arbeidsstokken paa de mekaniske værksteder og verfter nedlagde om mandagen sit arbejde og kom til byen.

Folkemassen blev tæt udenfor Raadhuset. Politimesteren opfordrede mængden til at vælge en til at forklare, hvad det egentlig var de vilde.

Nils Christian Nygaard fremstod da ifølge «Retstidende» med en løkvist i haanden som talsmand for en stor mængde arbejdere og sagde bl. a., at folket forlangte frihandelen (hvormed han mente opkjøbersæsenet) afskaffet og de arresterede personer løsladte.

Da politimesteren sagde, at han intet kunde gjøre ved opkjøbersæsenet, og at de arresterede ikke kunde løslades, kastede Nils den grønne gren med de ord: «Der faldt fredens tegn!»

Stemningen blev mere og mere ophidset. Politimesteren lod fra Børstrappen oplæse bestemmelserne i oprørsloven. Oplæsningen ledsagedes af hujen og trusler. Fra Torvet gik politimesteren til politikammeret, hvor stenkastning mod soldaterne begyndte. Oprørsloven blev her læst for tredje gang.

Garnisonen kom under vaaben og hele borgervæbningen blev opbudt. Af borgervæbningen, som blev opstillet udenfor Raadhuset, synes ikke alle at have været meget modige.

Haansord og spottegloser indledede den senere stenkastning, saa geledderne, som stod i «foden-gevær-stilling», havde vanskelig for at holde den rette linje.

Ved sekstiden blev der de voldsomste optøier. Da forsøgte tumultanterne udenfor Raadhuset med magt at bane sig

argumentet. Vi vil bidrage med vårt for å rette opp dette.

For det andre må vi gå ut fra en helhetlig analyse. Det nytter lite å telle opp tøyser og så begynne å diskutere hvorvidt vi har hatt få eller mange av dem. Det vi må spørre om er: Når, i hvilke situasjoner har borgerskapet tydd til væpnet makt? På hvilket nivå har den folkelige kampen vært når militær makt er satt inn? Har det vært klassekamp på et høyt nivå uten at det er satt inn tropper eller andre maktmidler?

Vår foreløpige p stand er denne:

I nyere norsk historie er det tradisjon at militæret er blitt satt inn så snart de folkelige kampene er nådd et visst nivå. Dette nivået er sannsynligvis ikke særlig høyt, merk bare når troppene ble satt inn i det eksempelet vi gjengir her.

(Amund Helland: Bergen. En topografisk-statistisk beskrivelse. 1916. s. 711 - 713)

vei for at befri sine fængslede kamerater. Soldaterne stod i et kvarters tid udsatte for en heftig regn af stene; adskillige fik betydelige læsioner; der kommanderedes anfald, og nu opstod et kort, men temmelig alvorligt haandgemæng, hvorunder massen blev fordrevet. Den vendte imidlertid straks efter tilbage og fortsatte sit bombardement under vild hujen.

Nu skulde borgerbevæbningen marschere op; den hilstes med stenkast. Den foretog sammen med militæret adskillige udfald, hvorved massen blev splittet. Raadhuspladsen blev dernæst afspærret og rolighed for den aften tilveiebragt.

Begge parter havde tilsammen 30 saarede.

Af den officielle, i «Norsk Retstidende» indtagne beretning om tumulterne fremgaar det imidlertid, at disse har været ret voldsomme.

Ved syvtiden rykkede en militærstyrke frem i skridtgang med fældet bajonet, samtidig som to kompanier af borgervæbningen, 60 à 70 mand, søgte at rense Raadstualmenningen.

Men den fremrykkende styrke modtoges af en stenregn, der tiltog, da afdelingen gik frem mod den del af Raadstuepladsen, hvor mængden var tættest. Folkemassen gjorde modstand, og flere af borgerne saaredes ved stenkast, et par endog alvorlig. Afdelingen kom allerede ved den første stenkastning noget ud af fatning, og derpaa i fuldstændig forvirring, idet mængden gjentagne gange brød igjennem geledderne, og enkelte borgere søgte tilflugt bag Brandvagtens nordre hjørne. De øvrige maatte med uforrettet sag trække sig tilbage til det nordre hjørne af den gamle Raadstue, hvor de samledes og paanyt ordnedes saavidt muligt.

Omtrent kl. 7^{1/2} viste folkemassen tegn til at ville gjenembryde den fra Brandvagthygningen til den gamle Raadstue opstillede militære kjæde, og da foretog en 20 mands afdeling et bajonetangreb paa reglementmæssig maade i løb og med fældet bajonet.

Det lykkedes tropperne efter en stunds forløb i forening med borgervæbningen at gjøre sig til herre over omgivelserne af Raadstuen og at holde Raadstualmenningen ryddig.

Dermed havde det egentlige uveir raset ud, og de følgende dage var alt fredeligt.

Senere kom efterspillet ved retten, og dommene blev tildels strenge. Der faldt domme over 54 forskellige personer; to blev frifundne, men flere personer dømtes til strafarbejde paa 6 aar, 16 fik strafarbejde paa 8 maaneder, og en hel del fik straffe paa vand og brød.

Disse for en del ret voldsomme straffe mildnedes meget af høiesteret i marts 1870, saa at ingen fik mere end 3 aars strafarbejde med indstilling til benaadning til 2 aar.